



## Forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav på eng, Stranda kommune, Møre og Romsdal

Dato	FOR-2016-06-22-803
Publisert	II 2016 hefte 3
Ikrafttredelse	01.09.2016
Endrer	<a href="#">FOR-2008-09-10-1651</a>
Gjelder for	Stranda kommune, Møre og Romsdal
Hjemmel	<a href="#">FOR-2003-07-04-951-§23</a> , <a href="#">LOV-1967-02-10</a>
Kunngjort	30.06.2016 kl. 13.30
Korttittel	Forskrift om frist for gjødselspreiring, Stranda

---

**Heimel:** Fastsett av Stranda kommunestyre 22. juni 2016 med heimel i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 og lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) [kapittel VII](#).

### § 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å fastsette ein eigen frist for spreiring tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen innafor vilkåra av [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23.

### § 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld heile kommunen.

### § 3. Spreietidspunkt

#### a. Generelt

Spreiring av gjødselvarer av organisk opphav er berre tillate i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje tillate å spreie gjødselvarer på snødekt eller frossen mark.

#### b. Spreiring utan nedmolding

Spreiring av blaut gjødsel utan nedmolding/nedfelling på eng og annan grøde skal gjerast seinast innan 20. september.

Kommunen kan etter søknad likevel, og på dei vilkår som er nemnt i [forskrift 4. juli 2003 nr. 951](#) om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23, gi løyve til seinare spreiring, men ikkje seinare enn 1. oktober.

#### c. Spreiring med nedmolding

Fristen for spreing med nedmolding er 1. november. Nedmoldinga bør skje straks, og må skje innan 18 timar.

d. Småfegjødsel

Spreing av fast småfegjødsel utan nedmolding skal gjerast innan 1. oktober.

#### **§ 4. Klage**

Vedtak gjort av kommunen etter forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav kan klagast til fylkesmannen.

#### **§ 5. Ikraftsetjing**

Forskrifta vert sett i kraft frå 1. september 2016. Frå same tid blir forskrift 10. september 2008 nr. 1651 om frist for spreing av gjødselvarer av organisk opphav på eng, Stranda kommune, Møre og Romsdal oppheva.